

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

5020 Bergen

Vår dato: 29.04.2016

Vår ref: 2015/2855 - 9357/2016 / 27/811

Dykkar ref:

**Løyve til igangsetting for grunn og betongarbeid - 27/811 - Nybygg
bussanlegg, Sæ 145 – DS-192/16**

Søknad om løyve til igangsetting, motteke 14.04.2016.

Tiltakshavar: Hordaland fylkeskommune **Ansvarleg søkjar:** ING ØYVIND JØRGENSEN AS

VEDTAK:

I medhald av § 21-4 i plan- og bygningslova (PBL) vert det gjeve løyve til igangsetting for grunn og betongarbeid.

Vilkår:

- Plassering skal vera som godkjent i rammeløyvet dvs. som vist på situasjonsplan, datert 22.02.2016.
- Topp fundament/grunnmur skal vera på kote + 25,7 meter.
- Det må sendast inn dokumentasjon på plassering, (koordinater/kotehøgd), før betongarbeid tek til.
- Før det kan gjevast løyve til resten av tiltaket må det liggja føre samtykke frå Arbeidstilsynet.

Merknader:

- For godkjenning av føretak for ansvarsrett i prosjektet syner me til saksutgreiinga.
- Ved tilknytning til offentleg vass- og avløpsleidingar skal *Søknad/melding om sanitærabonnement* godkjennast av Stord Vatn og Avlaup før tilkopling til kommunalt leidningsanlegg. For krav og plikter i samband med tilkopling sjå Sanitærreglement på Stord kommune sine heimesider (www.stord.kommune.no).
- SKL a/s må kontaktast dersom tiltaket er nærare enn 10 meter frå el. kablar i grunnen/leidingar i lufta eller det skal nyttast gravemaskin, betongpumpe, kranar m.m. nærare enn 30 meter frå høgspenteleidingar i lufta.
- Handsaming av avfall skal utførast i samsvar med Byggteknisk Forskrift §§ 9-5 t.o.m 9-9. Plan for avfallshandtering og miljøsanering skal liggje føre i tiltaket.
- Ved mindre endring som ikkje treng søknad og løyve på førehand skal det ved søknad om ferdigattest/bruksløyve sendast inn som bygd teikningar.
- Ved søknad om ferdigattest/bruksløyve skal det for frittliggjande tiltak liggja føre innmålte data for tiltaket og for tiltak som fell inn under Byggteknisk forskrift § 9-6 sitt krav til avfallsplan skal det liggja ved sluttrapport om faktisk disponering av avfallet.
- Løyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan 3 år. Det same dersom tiltaket stoppar i lengre tid enn 2 år, jf. PBL § 21-9.

Vedlagd følgjer saksutgreiing.

Vedtaket kan påklagast til fylkesmannen. Klage må vere mottatt/posttempla innan 3 veker frå den dag dette brevet er motteke, jf. Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Klaga må grunngjevast skriftleg og signerast. Klagen skal sendast via Stord kommune, Regulering, Byggesak og Oppmåling, Postboks 304, 5402 Stord.
Klagen skal sendast til Stord Kommune, Regulering byggesak oppmåling, Postboks 304, 5402 Stord.

Med helsing

Irinja Almås
sakshandsamar

Kopi til:

Kopi til:
Jan Tore Bruckner
Liv Dahl Clausen
Jan Ove Anthun
Håvard Pedersen

Rådmannen, den 29.04.2016

Saksutgreiing for sak DS-192/16

Dokumentoversyn:

Som grunnlag for denne handsaminga ligg føre følgjande dokument:

Søknad om igangsetting ved skjema datert 13.04.2016. Saman med skjema låg ved:

Erklæringar om ansvarsrett

Gjennomføringsplan frå Ing. Øyvind Jørgensen, datert 13.04.2016

Melding om endring av ansvarsrett, datert 13.04.2016

Ansvar og kontrolldekning:

Følgjande føretak har erklært ansvarsrett i prosjektet:

Ansvarleg føretak/ansvarsområde:

Ing. Øyvind Jørgensen

PRO arkitektur og uteareal, brannkonsept (tiltaksklasse 1),
geoteknikk, konstruksjonssikkerheit for betong, bygningsfysikk

Engelsen Entreprenør

UTF betong,

Stord Anlegg AS

UTF grunnarbeider og utvendig VA

Akvator AS

Uavhengig kontroll av geoteknikk og konstruksjonssikkerheit

Ing.Øyvind Jørgensen overtar rolle som ansvarleg søkjar etter Link Arkitektur AS.

Alle aktuelle fagområde for igangsetjingsløyvet for grunn og betong vert då dekkja av ansvarsrett.

Handsamingsgrunnlag:

Rammeløyve gitt i PS-10/16.

VA-anlegg vert handsama i eige sak 2016/1508.

Det må liggja føre samtykke frå Arbeidstilsynet før det kan gjevast løyve til resten av tiltaket.

Konklusjon:

Vilkår og føresetnader sett i rammeløyvet er oppfylt.

Søknad om løyve til igangsetting for grunn og betongarbeid i samband med oppføring av bussanlegg på eigedomen gnr/bnr 27/811 vert difor godkjent på nærmare fastsett vilkår.

Saka er avgjort i medhald av § 21-4 i plan- og bygningslova og i samsvar med delegasjonsfullmakt.